



«Det er meir sann at du blir litt sett ned på viss du snakke oslomål eller bergensk»

– ein studie av kva faktorane tilhøyrslø og kontakt har å
seia for genusbortfall

Kristin Nordbø Haug
ILN, Universitetet i Oslo

Ein eksperimentell studie gjort i 2022 med deltakarar som snakkar vossamål, viser reduksjon av hokjønn blant barn og ungdom på Voss, medan dei vaksne har det tradisjonelle tregenussystemet. Denne artikkelen diskuterer om sosiale faktorar som tilhøyrslø og språkidentitet påverkar bortfall av grammatisk hokjønn i vossamålet. Språklege data vert samanlikna med svar på spørjeskjema når det gjeld språk og identitet, og utdrag frå ein semistrukturert samtale mellom ungdommar illustrerer temaet. Artikkelen tek utgangspunkt i deltakarane sine medvitne og opne haldningar om språk og identitet. Det er ein tendens til at deltakarar med det mest positive synet på staden og dialekta er dei med det mest tradisjonelle genussystemet, men resultata viser at sjølv om yngre vossingar har eit positivt syn på dialekta og staden, vert bruken av hokjønnsformer redusert. Tendensen ser ikkje ut til å vera driven av eit bevisst språkleg skifte mot eit prestisjespråk, men er ein del av ei breiare nasjonal utvikling.

Nøkkelord: grammatisk kjønn, norske dialekter, språkendring, identitet og tilhøyrslø, Voss

1 Introduksjon

Grammatisk hokjønn er på veg bort eller har vorte redusert i fleire norske dialekter. Utviklinga er rapportert bl.a. frå studiar av byspråka i Oslo (Lødrup 2011; Lundquist & Vangsnes 2018), Tromsø (Westergaard & Rodina, 2016) og Trondheim (Busterud, Lohndal, Rodina & Westergaard, 2020), og i ein større

studie av fleire norske dialekter (Stavanger, Bodø, Mo i Rana, Egersund, Lyngdal, Kristiansand og Trondheim (van Baal, Eik, Solbakken og Lohndal, 2024)). Utviklinga ser ut til å gå fort, og mønstera for endringa har både fellestrekk med kvarandre og særtrekk for dei ulike stadane. Nokre av dei tidlegare studiane spekulerer på om det i tillegg til synkretisme og tileigning kan vera at faktorar som t.d. status og prestisje er pådrivarar for endringa (t.d. Busterud et al., 2019, s.164; Busterud et al., 2020, s. 29), men dette har ikkje vorte undersøkt empirisk. Eit anna viktig spørsmål er om bortfall av hokjønnsformer skuldast skriftspråkspåverknad. Spørsmåla har til no vore lite kopla til bortfallet av hokjønnsformer, og begge desse spørsmåla vert diskuterte i denne artikkelen.

Denne artikkelen baserer seg på data frå vossamål, ei vestnorsk dialekt kjent for å vera tradisjonell når det gjeld språklege trekk (Vidsteen, 1884; Heggstad, 1932; Akselberg, 1995, 2003). Tre genus har vore eit tradisjonelt trekk i norsk talemål, med eit par unntak, bergensk og Oslo vest (som begge har to genus, felleskjønn og inkjekjønn). Bergen ligg ein times tid unna Voss med tog eller bil, og er den næraste byen for vossingar. Fråvære av grammatisk hokjønn har vore eit særtrekk ved bergensk, og har vore eit tydeleg språktrekk som skil vossamål frå dialekta i Bergen. Nettopp bruk av hokjønn er eit av fleire ikkje-bergenske trekk som Akselberg (2003) rapporterer at heldt seg godt i vossamålet til vidaregåande elevar på Voss på 2000-talet (Akselberg, 2003, s. 209).¹

Datamaterialet som eg samla inn i 2022, viser at grammatisk hokjønn no står svakt hjå mange born og ungdommar som snakkar vossamål, men at dei vaksne i studien min (som er fødte om lag på same tid som dei som var ungdommar i Akselberg si undersøking, altså 40–50 år no), har eit fullstendig tradisjonelt tregenussystem (Haug, 2025). Denne artikkelen legg til grunn Hockett si forståing av at genus viser seg i kongruens. Hockett formulerer det slik: «Genders are classes of nouns reflected in the behavior of associated words» (Hockett, 1958, s. 231; Corbett, 1991, s.1). At hokjønn no står svakt, betyr i denne artikkelen at ubunden artikkel, possessiv og hokjønnsbøying av adjektiv er ustabil, og det betyr at desse hokjønnsmarkørane delvis vert bytta ut med hankjønnsmarkørar. Ingen deltakarar har eit to-genussystem, og det er stor variasjon i graden av hankjønnsmarkørar. For enkelheits skuld har eg her definert alle med mindre enn 95 % bruk av hokjønnsmarkøren ubunden artikkel, /ai/, som «ustabile». Pronomenbruk er ikkje inkludert i dataa som eg rapporterer

1. Akselberg viser også til nokre unntak, tradisjonelle hokjønnsstadvord som endar på *-ing* får i materialet hans suffiks både assosiert med hankjønn og hokjønn. (Akselberg 2003, s. 214).

frå her. Denne artikkelen presenterer resultat frå ei spørjeundersøking om sosiale faktorar som vart gjennomført med dei same deltakarane som deltok i den eksperimentelle produksjonsstudien, samtalar med deltakarane under utfyllinga av spørjeskjemaet, og opptak av semistrukturert samtale mellom tre av ungdommane som er med i studien.

Tidlegare studiar av norske dialekter har vist at tilhøyrsløse til staden heng saman med bruk av tradisjonell dialekt (t.d. Skjekkeland, 2009, for Kvinesdal; Røynealand, 2005, s. 486, for Røros og Tynset), og andre europeiske studiar har også vist samband mellom sterk lokal identitet og dialektbruk (t.d. Sundgren, 2007; Cornips og de Rooij, 2018; Monka, 2019). Me kan difor forventa at det vil vera eit samband mellom grad av tilhøyrsløse og bruk av tradisjonelt språk også på Voss, men spørsmålet er *om* og eventuelt *korleis* dette heng saman med endringa me no ser i det grammatiske kjønssystemet.

I denne artikkelen undersøker eg samanhengen mellom tap av hokjønne og sosiale faktorar som kontakt og prestisje. Forskingsspørsmåla i denne artikkelen er:

Er tap av hokjønne drive av eit ynskje om prestisje?

Motverkar eit positivt syn på eiga dialekt og heimstad tap av hokjønne?

Kan me sjå korrelasjonar mellom tap av hokjønnsformer og sjølvrapportert bruk av konservative og radikale former i bokmål og nynorsk?

Artikkelen er bygd opp på fylgjande måte: Del 2 gjer greie for faktorane tilhøyrsløse og språkkontakt, og presenterer deretter språksamfunnet på Voss. Del 3 forklarar kort metoden som er brukt. Spørsmåla i spørjeundersøkinga, utdrag frå samtalar med deltakarar og resultata vert presenterte i del 4, analysert og diskutert i del 5, og til slutt konkluderer eg i del 6.

2 Bakgrunn

2.1 Tilhøyrsløse

Det språklege repertoaret til individet er rikt, og ein kan gjennom både umedvitne og medvitne haldningar visa tilhøyrsløse. I denne artikkelen skal me sjå på dei medvitne haldningane, dei som er opne, og den identiteten ein konstruerer i møte med andre, og i møtet med temaet språk. Tilhøyrsløse kan forståast som noko ein konstruerer t.d. gjennom valet av språklege former. Sollid (2008) skriv at

Faktorer som språklig sosialisering i språklig heterogene miljø og variasjonen på det lokale, regionale og nasjonale språkmarkedet bidrar til at den enkelte språkbruker har til dels stor språklig variasjon tilgjengelig. Dermed er det gode grunner til å tenke på språklig identitet som noe som konstrueres, som noe vi kan ha flere av, og vi velger den ene eller den andre språklige identiteten i tråd med blant annet sjanger, situasjon, samtalepartner og -tema (Sollid, 2008, s. 75).

Å snakke den lokale dialekta kan vera ein viktig faktor som byggjer fellesskap og tilhøyrslø i eit lokalsamfunn. Språkbruken kan både bidra til «autentisitet» for individet, og til å skapa og halda ved like eit «me», og på den måten vil den lokale dialekta vera ein faktor som symboliserer tilhøyrslø, både med sambygdingar i notid, og for å visa at ein er ein del av ein lokal tradisjon. Solheim (2006) skriv at «Det lokale talemålet er ein av fleire berarar av denne historiske kontinuiteten – og av den lokale identiteten» (Solheim, 2006, s. 102). Eg legg her til grunn at språket er dynamisk og at ein kan velja former etter kor ein er, korleis ein vil framstå, og at ein kan tilpassa språket sitt ut frå kven ein snakkar med. Ideen er at dersom ein vil framstå som ein «autentisk» vossing, då snakkar ein tradisjonelt vossamål. Hårstad og Mæhlum (2018) formulerer sambandet mellom vidareføring av talemålet og identiteten slik:

For at det lokale talemålet skal bli vidareført, må det på et eller annet plan finnes et ønske hos språkbrukerne om å uttrykke en stedsspesifikk identitet, og dét forutsetter i sin tur at det aktuelle stedet har en viss status som medfører den nødvendige positive identitetsfølelsen (Hårstad & Mæhlum, 2018, s. 323).

Vidareføring av talemålet inneber altså også at det må gje positive assosiasjonar til språkbrukarane. Det å kjenna tilhøyrslø til staden viser seg ofte i eit positivt syn på dialekta, og ei stoltheit over å koma frå den aktuelle staden. Dersom ho-kjønnskongruens er ein viktig del av det å uttrykka tilhøyrslø til Voss, kan me forventa å sjå korrelasjonar mellom eit positivt syn på dialekt og stad, og bruken av ho-kjønnskongruens.

I ein studie av talemålet i søre Østfold vert det vist til at det lokale talemålet er «heimespråk», medan ei nivellert og regional dialekt er språket ein til dømes nyttar i studiesamanheng og på arbeid (Stjernholm & Søfteland, 2019, s. 106). Når det gjeld dei vestnorske målføra, har det tidlegare vorte argumentert for at talemålet vert nivellert til ein slags regional standard ved at talemåla vert på-

verka av nabodialektar heller enn at talemålet vert påverka av «standard-språket», eller austnorsk talemål (t.d. Akselberg, 2009; Sandøy, 2009). Det same har ein sett på Agder (Skjekkeland, 2009; sjå Røstad, 2008, for ein fylldig diskusjon av regionalisering og «normal-norsk»). Eit trekk som tidlegare ikkje er rapportert at har spreidd seg frå bergensk til omkringliggjande talemål, er systemet med to genus.²

2.2 *Språkkontakt*

Dei fleste språkendringar har eit sosialt aspekt ved seg (sjå til dømes Weinreich, Labov og Herzog, 1968; Labov, 1972; Milroy & Milroy, 1985; Trudgill, 2000; Eckert, 2018). Medan nokre sosiale faktorar kan vera pådrivarar for endring, finst det også sosiale faktorar som kan verka konserverande på eit språk. Mange, om ikkje alle, språkendringar spreier seg via språkkontakt. Endringane me har sett i bortfall av hokjønn i norsk, har til dels også vist eit mønster i tråd med teorien om «urban jumping» (Trudgill, 1983), som betyr at endringar fyrst hoppar frå by til by før dei spreier seg derifrå til mindre byar og til områda rundt byane. Denne teorien vert også brukt som forklaring av Busterud et al. (2019, s. 161) som finn at tap av hokjønn har kome lengre hjå dei vaksne språkbrukarane i Trondheim enn i Tromsø, og konkluderer med at spreingsmønsteret er i tråd med teorien om «urban jumping», eller byhopping. Samstundes har van Baal et al. (2024) vist at tapet av hokjønn ikkje berre skjer i byane, men også på mindre stader. Resultata deira viser at utviklinga til dømes har gått lengre på dei mindre stadane Egersund og Lyngdal enn i Mo i Rana, som er ein større stad.

For Trudgill (1986) er språkkontakt som oppstår i møte mellom menneske avgjerande for språkleg påverknad. Trudgill skriv «we can assume that face-to-face interaction is necessary before diffusion takes place, precisely because it is only during face-to-face interaction that accommodation occurs» (Trudgill, 1986, s. 40). Mykje av den sosiale kommunikasjonen som før fann stad ansikt til ansikt, er no flytt til digitale medium og skjer både munnleg og skriftleg på ulike plattformer. Ein grunn til at skriving er vorte meir aktuelt for sosiolingvistikken er også at skrivinga ofte vert nytta til sosial kommunikasjon. Digitaliseringa av skrivinga som me har sett dei siste par tiåra, har ført til auka mengd tekst i alle delar av samfunnet (sjå t.d. Hårstad, 2021, s. 24). I dag bør

2. Det finst derimot studiar som viser at endingane i både bunden og ubunden form har spreidd seg til bl.a. Os (Hernes, 2006) og Øygarden (Villanger, 2010), men dei skriv ikkje om genusmarkørar som ubunden artikkel, determinativ m.m. og substantivet sine suffiks vert ikkje rekna som genus i denne artikkelen.

språkkontakt difor også inkludera digital kommunikasjon, både skriftleg og munnleg, og både produksjon og lesing.

Den skriftlege kommunikasjonen på norsk skjer i stor grad på majoritets-skriftspråket bokmål. Sjølv om det er store individuelle skilnader, er det rimeleg å anta at for den minoriteten av språkbrukarar som skriv nynorsk, er det skilnad mellom input, som truleg har overvekt av skriftleg bokmål, og output som hovudsakleg vil vera nynorsk. Lundquist et al. (2022) undersøker språkend-ringsprosessen ved bortfall av hokjønn i norsk, og argumenterer for at skriftleg input kan vera ein faktor som påverkar genussystemet. Artikkelen konkluderer slik:

I denne artikkelen har vi (...) argumentert for at variasjonen i skriftlig input kan spille en rolle i genussystemets instabilitet, og vi forventer oss da at både språkinnlærerenes første skriftspråk (bokmål eller nynorsk), og hvor mye ethvert individ faktisk leser, påvirker genussystemet. Slike spørsmål må vi overlate til fremtidig forskning (Lundquist et al., 2022, s. 52).

Jamvel om det er vanskeleg å svara empirisk på denne utfordringa, vil studien frå Voss kunna gje relevante perspektiv. Medan ein kan tenkja seg at påverknad frå bokmål med to genus kan vera ein pådrivar for bortfallet av hokjønn, kan bruken av nynorsk (med tre obligatoriske genus) ha ein konserverande effekt på bruk av hokjønnskongruens.

Bokmål er det klart mest brukte skriftspråket i Noreg, og det er nok ikkje mogleg å vera ein del av det norske språksamfunnet i dag utan å lesa bokmål og høyra bokmålsnært talemål jamleg, men det er stor skilnad på kor mykje input frå nynorsk ein opplever. Voss vert av mange sett på som eit av kjerne-områda for nynorsk, og er nok ein av stadane i landet der ein vert eksponert for relativt mykje nynorsk samanlikna med andre stader. Det er difor viktig å under-søkja språkutviklinga på ein stad som nettopp Voss.

2.3 Språksamfunnet på Voss

Voss er ein kommune på Vestlandet med vel 16000 innbyggjarar. Voss ligg ein times tid unna Bergen, og sidan toglinja *Vossabana* kom i 1883, har det vore mykje kontakt mellom Voss og Bergen. Nokre pendlar mellom Voss og Bergen, vossingar reiser til Bergen for å handla, mange for å studera og mange bergensarar har hytte på Voss, eller kjem til Voss på dagstur for å gå på ski t.d.

Vossamål er ei dialekt der hokjønnsparadigmet har fleire former som er dis-tinkte frå hankjønnsparadigmet (sjå pkt. 2.4 *Tidlegare funn*). Resultat frå ei

undersøking av genusproduksjonen til 64 språkbrukarar på Voss, samla inn ved hjelp av elisiteringstestar i 2022, viser at hokjønn no er ustabil hjå om lag 70 % av born og ungdommar i studien, og at dei samla sett brukar hankjønnsartikkel framfor tradisjonelle hokjønnsstaktiv i om lag 30 % av tilfella (meir om dette i 2.4).

Voss er geografisk plassert i det sentrale området for nynorsk skriftspråk, og Voss har vore ein stabil nynorskkommune i fleire tiår. Kommunen fekk Kulturrådet sin pris for «årets nynorskkommune» i 2020.³ Dialektbruk er viktig i bygda, og dette finn ein att til dømes i Voss Herad sin språkprofil, der ein kan lesa fylgjande:

Dialekt er ein vesentleg del av den lokale kulturarven. Me ser det som ei sentral oppgåve å verna om dialekta vår gjennom levande bruk og medviten utvikling. Der det finst valfrie skriftformer, bør me velja den forma som ligg nærast talemålet, og såleis nytta a-infinitiv og former som skule, verta, me og då.⁴

Voss har si eiga lokalavis på nynorsk, *Hordaland*, som i tillegg til å verta publisert på nett, kjem ut to gonger i veka som papiravis. Avisa hadde i 2018 «husstandsdekning på over 93 prosent i Voss kommune».⁵ Alt journalistisk stoff vert skrive på nynorsk, og bokmål finn ein brukt i maks 1–2 lesarinnlegg i veka.⁶ For mange vossingar er lokalavisa kanskje den viktigaste regelmessige tilgangen på nynorsk skriftspråk.

Eit anna døme på at nynorsken står sterkt på Voss, er bruken av skilt i sentrumsområdet. Det lokale preget og bruk av nynorsk ser ut til å vera noko ein vil profilera seg med. Ei undersøking av lingvistisk landskap på Voss i 2014 viste også at nynorsk var tydeleg i sentrumsbiletet på butikkskilt og plakatar (Stjernholm, 2014). Ei vandring gjennom den sentrale handlegata *Vangsgata* i Voss sentrum i 2024, ti år seinare, gjev inntrykk av at norsk, nynorsk og dialekt framleis er viktig på butikkskilt. Mange butikknamn inneheld namnet til innehavaren (t.d. *fotograf Senderud*) eller ei kjede (t.d. *Norli bokhandel*), men me finn også t.d. *Blomehjørna* (dialektal bøyingsending av inkjekjønn), *Kringlo* (dialektal bøyingsending av hokjønn i bunden form), *Flor* (fjøs), (ord med his-

3. <https://framtida.no/2020/10/29/voss-herad-er-arets-nynorskkommune>

4. <https://voss.herad.no/politikk-og-administrasjon/for-tilsette/klart-sprak/sprakprofil-kortversjon/>

5. [https://no.wikipedia.org/wiki/Hordaland_\(avis\)](https://no.wikipedia.org/wiki/Hordaland_(avis)), dei nyaste tala eg har funne

6. Personleg kommunikasjon med redaktøren

toriske røter) og *Vossabakst* (med dialektal a-fuge). Eit søk på medlemmer i handelsforeininga i sentrum gav 5/43 dømme på butikknamn som inneheld engelske ord, og ingen treff på bokmål (men mange er skriftspråksnøytrale).⁷

Tidlegare undersøkingar av ungdom frå Voss sine haldningar til talemålet og skriftspråket nynorsk gjort rundt tusenårsskiftet, viser at ungdommane er positive til talemålet sitt. Avgangselevar på Voss gymnas fekk i 2002 blant anna spørsmål om vossamålet var fint. Då svarte 78,5 % (49/62) ja (Akselberg, 2002, s. 100). Akselberg ser desse haldningane i samband med at den lokale identiteten og kulturen er temmeleg sterk (Akselberg, 2002, s. 89).

Eit positivt syn på både dialekta og heimstaden burde verka konserverande på alle språktrekk, også hokjønnskongruens. Denne gjennomgangen av språksamfunnet på Voss viser at føresetnadane, forventningane og aksepten for å snakka tradisjonell dialekt ligg godt til rette, og det same gjeld bruk av nynorsk skriftspråk.

2.4 Tidlegare funn

Vossamålet markerer genus på ubundne artiklar, pronomen, possessiv og svake adjektiv i eintal, og tradisjonelt også i fleirtal. Systemet er illustrert i Tabell 1, med unnatak av pronomen, som ikkje er med i datagrunnlaget for denne artikkelen. Heggstad (1932) er det nyaste publiserte fullstendige paradigmet eg har funne. Genus er markert i feit skrift. Dialektorda er skrivne med nynorsk ortografi, men med dialektal uttale av vokalane i diftongane i *ain*, *ai*, og *ait*, o-endinga i *såpo*, a-endinga i *fina* og a-en i orda *dan* og *da*.

Tabell 1: Grammatisk kjønn i vossamål, etter Heggstad 1932


	Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn
Ubunden artikkel	ain fisk	ai såpa	ait fly
Førestilt possessiv	min fisk	mi såpa	mitt fly
Etterstilt possessiv	fisken min	såpo mi	flyet mitt
Svake adjektiv	dan fine fisken min	dan fina såpo mi	da fina flyet mitt

I Tabell 1 ser me tre genus i ubunden artikkel og possessiv, medan svake adjektiv har ei form føre substantiv i bunden form av hankjønnsord, *fine*, og ei anna form føre substantiv i bunden form av hokjønn og inkjekjønn, *fina*. Dei same formene er også dokumenterte i lydopptak av vossamål gjort mellom 1987 og 1989 (Fildepot for LIA). Men i desse lydopptaka kan ein også høyra dømme

7. <https://www.voss-sentrum.no/medlemmer>, lese 18.06.25

på adjektiv med *-e* føre bundne substantiv i hokjønn og inkjekjønn, altså ikkje berre *-a* som i Tabell 1.

I 2022 gjennomførte eg ei datainnsamling av genusproduksjon hjå 64 deltakarar som snakka vossamål, 24 born (10–12 år), 20 ungdommar (15–19 år) og 20 vaksne (25–53 år) (Haug, 2025). Dei språklege dataa er samla inn ved hjelp av eit eksperiment som fekk fram produksjon av substantiv og adjektiv i eintal og fleirtal, bunden og ubunden form, og både førestilt og etterstilt possessiv. Alle deltakarane bidrog med like mange datapunkt, og i denne delen av artikkelen viser eg resultatata som gjennomsnitt på gruppenivå, og når eg skriv om tradisjonelt og ustabil hokjønn, tek eg resultatata for bruk av ubunden artikkel. Eg har rekna ut den relative frekvensen per informant fyrst, deretter gjennomsnittet for alle informantane i kvar aldersgruppe. Funna viser at hokjønn er ein ustabil kategori hjå borna og ungdommane i studien, medan dei vaksne har eit tradisjonelt system med tre genus. Datamaterialet viste at hankjønn og inkjekjønn er stabile kategoriar i alle tre aldersgruppene. Produksjonen av hokjønnsmarkørane ubunden artikkel, førestilt og etterstilt possessiv og svake adjektiv, er illustrert i *Figur 1*.



Figur 1: Prosentvis bruk av hokjønnsmarkørar i vossamålet, inndelt etter alder på informantane

Av samla tal ubundne artiklar føre hokjønnsord er det 27,8 % (380/1365) bruk av hankjønnsartikkel i staden for hokjønnsartikkel. Informantane vekslar mellom å bruka den dialektale uttalen *ain* i 72 % av desse tilfella (273/380) og den bokmålsnære *en* i 28 % av tilfella (107/380). På individnivå er det slik at 29 av 44 born og unge varierer mellom å bruka hokjønns- og hankjønnsartikkel føre tradisjonelle hokjønnsst substantiv. Den individuelle variasjonen er stor og går frå 3 % bruk til 100 % bruk av hokjønnsartikkel føre hokjønnsord. Totaltalet hjå borna som gruppe er 71,5 % bruk av *ai*, og hjå ungdommar 70,3 % bruk av *ai* føre hokjønnsord, i dei resterande tilfella brukar dei *ain* eller *en*. Fire individ hadde 1–2 førekomstar av hankjønnsartikkel føre tradisjonelle hokjønnsord. Så få førekomstar kan skuldast «glipp» eller såkalla naturleg variasjon, og desse deltakarane er ikkje kategoriserte som deltakarar med «ustabilt hokjønnsord».

Når det gjeld possessiv, er det klar skilnad mellom prenominal og postnominal bruk. I prenominal posisjon finn ein høvesvis 63 % (ungdommar) og 66 % (born) bruk av hokjønnspossessiva *mi* og *di* føre hokjønnsord (og i dei resterande prosentane er *mi* og *di* bytta ut med hankjønnspossessiva *min* og *din*). I postnominal posisjon er derimot prosenttala 95 % bruk av hokjønnspossessiva *mi* og *di* hjå dei same språkbrukarane. Dette er i tråd med mønster me har sett frå andre genusstudiar, som alle har vist at det postnominale possessivet, t.d. *klokka mi*, er meir stabilt enn det prenominalt, t.d. *mi klokke* (t.d. van Baal et al., 2024; Busterud et al., 2025). Born og ungdommar har relativt like resultat i studien min, og dei skil seg klart frå dei vaksne. Figur 1 viser at det er mest bortfall av hokjønnsmarkering på svake adjektiv. Der er det markant nedgang i alle aldersgruppene, og mest hjå born og unge.

2.5 Forskingsspørsmål og hypotesar

Nokre har som tidlegare nemnd peika på at sosiale faktorar som prestisje truleg spelar ei rolle i utviklinga me ser med tap av hokjønns i norsk (sjå del I og referansane der). I denne artikkelen diskuterer eg tap av hokjønnskongruens i lys av språkbrukarane si haldning til dialekt, heimstad og eigenrapportert bruk av konservative og radikale former i bokmål og nynorsk. Eg repeterer her forskingsspørsmåla for denne artikkelen:

- 1) Er tap av hokjønns drive av eit ynskje om prestisje?
- 2) Motverkar eit positivt syn på eiga dialekt og heimstad tap av hokjønns?
- 3) Kan me sjå korrelasjonar mellom tap av hokjønnsformer og sjølvrapportert bruk av konservative og radikale former i bokmål og nynorsk?

Dersom identitet spelar ei rolle for bruken av hokjønnskongruens i dagens vossamål, kan ein tenkja seg at ein vil sjå ein sterkare tendens til bortfall av hokjønnskongruens hjå folk som søker seg bort. På den andre sida kan ein sjå føre seg at dersom ein set talemålet sitt og heimstaden sin høgt, vil ein visa dette ved å t.d. bruka tradisjonell hokjønnsbøying for å markera språkleg avstand frå t.d. bergensk eller bokmålsnært austnorsk.

3 Metode

Datagrunnlaget for denne artikkelen er resultata frå ei spørjeundersøking eg gjorde i samband med datainnsamling av vossamål i 2022, og eit taleopptak med tre av ungdommane som er med i studien. Spørjeskjemaet er utvikla av GenVAC: Grammatical Gender in Norwegian Dialects: Variation, Acquisition & Change, ved NTNU. Eg vurderte det slik at føremonene med eit generelt spørjeskjema som ville gje samanliknbare data med andre norske dialekter, var betre enn å bruka eit som var spesialtilpassa dialekta og språksituasjonen på Voss. Men eg gjorde ei lita tilpassing og la til eit spørsmål der deltakarane vart bedne om å vurdere dialekta til eldre og yngre vossingar. Dette opnar også opp for samanlikning med Akselberg (2002) som også spør kva deltakarane tykkjer om dialekta si, vossamål. Spørjegranskinga mi gjev svar på både direkte spørsmål, opne og lukka spørsmål og svar på hypotetiske spørsmål om språkbruk. Denne artikkelen diskuterer svar på spørsmål om haldningar til og bruk av det lokale talemålet og skriftspråk. Eg går nærare inn på spørsmåla i del 4. Skjemaet inneheld svar frå dei same informantane som gjennomførte testane med resultata som er attgjevne i Tabell 2.

Nokre av spørsmåla eg refererer til i del 4 og 5, er ein type spørsmål som gjev oss svar på språkbrukarane sine medvitne haldningar til språk, og ikkje faktisk språkbruk. I undersøkinga av tilhøyrslø og identitet meiner eg at det nettopp er dei medvitne haldningane som er interessante, og kanskje også dei me lettast kan måla. Målet med denne undersøkinga er ikkje å «avsløra» deltakarane sin eventuelle diskrepans mellom kva dei seier at dei gjer og faktisk språkbruk, men derimot å få innsikt i kva opne og medvitne haldningar og kva syn på dialekta og heimstaden som er viktige for desse språkbrukarane, og kanskje også kva faktorar som er viktige i forståinga av kva som skapar ein felles språkleg identitet i språksamfunnet.

3.1 Deltakarar

Til saman 65 personar fordelte på tre aldersgrupper tok del i datainnsamlinga: 25 born i alderen 10–12 (20 jenter, 5 gutar), 20 ungdommar i alderen 15–19 (10 kvinner, 10 menn) og 20 vaksne (10 kvinner, 10 menn) mellom 25 og 53 år. I den yngste gruppa er det overvekt av jenter, og dette skuldast klasse-samansetjingane på dei aktuelle skulane. I og med at kjønn ikkje har vist seg å vera ein sentral faktor i tidlegare rapporterte genusstudiar i norsk, og heller ikkje blir oppfatta som ein sentral faktor i nyare sosiolingvistiske studiar i Noreg, og spesielt ikkje når det gjeld barn, valde eg å ikkje retta opp kjønnsbalansen ved å inkludera born frå endå fleire område i kommunen, men det er derimot kjønnsbalanse hjå ungdommar og vaksne. Alle deltakarane hadde norsk som morsmål, alle budde på Voss då eksperimentet vart gjennomført, og alle hadde budd mesteparten av livet sitt på Voss. Ungdommar og vaksne var alle oppvaksne på Voss, bortsett frå to av ungdommane som kom til Voss som små born. For born og unge hadde eg ikkje som kriterium at foreldra skulle vera frå Voss (jf. t.d. Mæhlum, 2020 om at born og unge snakkar som jamaldringar). Fleire av dei vaksne deltakarane har budd andre stader, t.d. i studieåra, før dei valde å etablera seg på Voss. Deltakarane vart rekrutterte via skular og nettverk til vener av meg, Facebook-innlegg (1 person) og oppslag på biblioteket (1 person). Dei vaksne informantane har eit vidt spekter av utdanningsbakgrunn, yrke og fritidsinteresser, og ingen arbeider med norsk språk eller driv aktivt målarbeid på fritida. Eg kjende åtte av dei tjue vaksne deltakarane frå før, men ingen av dei visste at det var genusproduksjon eg var ute etter.⁸ Halvparten av deltakarane i kvar gruppe var oppvaksne i sentrumsområdet, og halvparten i periferien i kommunen. I inndelinga av sentrum og periferi tek eg utgangspunkt i kor dei vaksne deltakarane budde i oppveksten og fram til dei var 16 år, og ikkje kor på Voss dei bur no.

3.2 Spørjeskjema

Spørjeskjemaet inkluderte spørsmål om bruk av talemål, skriftlege former på hovudmål og sidemål, og to opne spørsmål som kunne avdekka om ustabil ho-

8. Det vil alltid vera ein fare for at informantar vil rapportere medvitne eller umedvitne data som dei trur at forskaren vil høyra. Dette vert kanskje forsterka av at nokre av dei kjenner meg. Informantane fekk informasjon om at prosjektet skulle undersøka språkutvikling på Voss, og ikkje genus spesielt. For å redusera den opplagte faren ved at informantane seier det dei trur at eg ville høyra, meiner eg at nettopp eit eksperiment er godt eigna. Resultata frå både eksperimentet og spørjeskjemaet viser at dei vaksne svarer veldig likt, uavhengig av om dei kjende meg frå før eller ikkje.

kjønn hjå born og unge er noko dei har eit bevisst forhold til. Deltakarane fekk spørsmål om å skildra si eiga dialekt i høve til andre dialekter, og eit spørsmål om språket mellom yngre og eldre er ulikt, og eit spørsmål om å gradera talemålet til yngre og eldre vossingar på ein skala frå 1 til 5 der 1 er stygt og 5 er vakkert.⁹ Ungdommar og vaksne fekk sjå ein kort nynorsktekst og ein kort bokmålstekst der dei vart bedne om å velja mellom alternative former. Dei fekk opplyst at alle formene var godkjente i skriftspråksnorma. Borna, som ikkje har starta med sidemålsundervisning, fekk berre sjå ein nynorsktekst og svarte på preferansar der. Svara baserer seg altså på eigenrapportering av hypotetisk skriftleg produksjon, og kan seia noko om dei medvitne haldningane deira til skriftspråksformer. I oppteljinga har eg valt å dela kvart val inn i enten konservative eller radikale former utifrå skriftnormer. Konservative former er her tradisjonelle former frå tidlegare rettskrivingar, og radikale former er nyare former eller bokmålsnære former (sjå Helset, 2016, for ein diskusjon av omgrepa). Talemålsnære former på Voss er ofte rekna som konservative andre stader i landet. Eg har valt å kalla dei konservative sjølv om dei nok heller vert oppfatta som moderate blant deltakarane. Oversynet over radikale og konservative former er lista opp i tabell 2.

Tabell 2: Oversikt over inndelinga i konservative og radikale former¹⁰

	Konservative former	Radikale former
Nynorsk	sumar, me, hjå, plar, bada, vert, solbrende, diverre, gamal, åleine, de, komma/koma	sommar, vi, hos, pleier, bade, blir, solbrente, dessverre, gammal, aleine, dokker, komme/kome
Bokmål	bestemoren, selv, en, ble, oppfordret, kortene, drev, fritiden sin	bestemora, sjøl, ei, blei, oppfordra, korta, dreiv, fritida si

-
9. Ein anonym fagfelle gjer merksam på at det kanskje heller er *fin* som er det umarkerte antonymet til *stygg*, og at eg burde ha brukt *fin*, noko som også ville ha vore i tråd med tidlegare studiar av status og prestisje (t.d. Sandøy, 2013). Dette har fagfellen rett i, men ved å bruka det endå sterkare antonymet *vakker* viser resultatane kanskje at deltakarane rangerer talemålet endå høgare.
 10. Spørjeskjemaet hadde også med nokre ord med fire alternativ (t.d. *byggja*, *byggja*, *bygge*, *bygga*), men desse er her tekne ut, fordi det ikkje vart transparent å dela dei inn i konservative versus radikale former.

3.3 Semistrukturert samtale

I tillegg til spørjeskjemaet rapporterer denne artikkelen frå eit opptak av ein semistrukturert samtale mellom tre av ungdommane i studien.¹¹ Ungdommane gjekk i same klasse og kjente kvarandre godt. Gruppa fekk utdelt ein boks som inneheldt papirlappar med ulike påstandar til diskusjon, t.d. «Voss er verdas beste plass å bu», «barn og unge under 13 år bør ikkje ha eigen smarttelefon» og «os-lomål er den finaste dialekta». Det var eit poeng at det skulle vera påstandar om både språk og andre emne, og at ingen av emna skulle lokka fram private, sensible emne eller snakk om tredjepersonar. Instruksjonen var at ein av deltakarane trekte ein lapp, las påstanden høgt, og så diskuterte dei innhaldet eller assosiasjonar dei fekk. Dei fekk beskjed om at her var ingenting rett eller gale, det viktigaste var at samtalen flaut fritt, ikkje at dei nødvendigvis heldt seg til emnet på papirlappen. Når dei ikkje hadde meir å seia om emnet, trekte ein av deltakarane ein ny lapp. Eg sat i rommet, og sette i gang samtalen, men var taus og utanfor synsvinkelen til deltakarane under resten av opptaket. Målet var at samtalen skulle få fram det språket ungdommane brukar seg i mellom. Etter om lag fem minutt, avslutta eg samtalen.¹² I denne artikkelen vert utsegner refererte til med hermeteikn og nokre gonger med tidspunkt i opptaket, og eg har lagt meg opp mot nynorsk ortografi i den skriftlege attgjevinga. Dei tre ulike deltakarane er refererte til med nr. 1, 2 og 3. Utdraga frå samtalen er illustrasjonar, og dei er naturlegvis ikkje meint som ei generalisering av heile aldersgruppa.

3.4 Framgangsmåte

Etter at deltakarane hadde gjennomført fire ulike elisiteringstestar (der dei produserte substantivfraser i eintal og fleirtal, førestilt og etterstilt possessiv og anaforisk pronomen), svarte dei på spørsmål om språk og identitet.¹³ Åtte av ungdommane fylte ut skjemaet på eiga hand, og for resten av deltakarane vart skjemaet fylt ut av meg i ein samtale med deltakaren. Erfaringa mi etter å ha gjennomført nokre samtalar og innsamling av nokre skriftlege svar frå

11. I utgangspunktet gjorde eg opptaket fordi eg også ville samla inn eit kort døme på spontan tale, og desse tre er valde fordi dei takka ja til det, og fordi dei kjenner kvarandre godt. Eg har tatt med eit par utdrag i artikkelen der dei diskuterer språk og identitet. Data er ikkje meint som ein illustrasjon på kva aldersgruppa generelt meiner, men kva desse tre ungdommane sa.

12. Dette er naturlegvis veldig kort tid, men det var det som var praktisk der og då. Samtalen er ikkje transkribert, men er tilgjengeleg her: <https://osf.io/ryzd7/>

13. Med unntak av to ungdommar som fylte ut skjemaet før elisiteringstestane medan dei venta på tur.

deltakarar, var at ein samtale gav fylldigare svar. Eg kunne også stilla oppfølgingsspørsmål som gav utdjuping og oppklaring. Nokre av desse utdjupingane vert det referert til i del 4 og 5. På denne måten introduserer eg for så vidt ein ny metode, ved at dataa kan verta ulike når dei er samla inn på to litt ulike måtar. Eg har likevel valt å inkludera også desse åtte ungdommane i den vidare analysen.

Ei føremon med at eg sjølv er frå Voss og har same dialekt som talarane, er at dei ikkje treng å tilpassa språket for at eg skal forstå. Derimot kan det vera ei utfordring med samtale heller enn utfylling av skjema på eiga hand at deltakarane kan bli farga av at eg er på alder med den vaksne deltakargruppa og språkforskar. Deltakarane kan umedvite bli påverka til å uttrykkja seg ekstra positivt til dialekt og språk generelt. Eg la vekt på å vera open og nysgjerrig, og snakka minst mogleg for å ikkje påverka deltakarane. I presentering av resultata skriv eg også om utsegner som deltakarane kom med under utfylling av skjemaet. Tre deltakarar gjennomførte heilt til sist ein gruppesamtale (sjå pkt. 3.3).

4 Resultat

I denne delen går eg gjennom svara til deltakarane når det gjeld dialektbruk og synet på talemålet (4.1), tilhøyrslø til staden (4.2) og skriftspråkspreferansar (4.3). I og med at alder er ein viktig faktor når det gjeld endringa i bruken av hokjønn, er også svara på dei sosiale faktorane delt inn etter alder. På nokre av spørsmåla har eg svar frå alle tre aldersgruppene, men nokre av spørsmåla vart berre stilte til ungdommar og vaksne, og nokre gonger er deltakarane delte inn etter om dei har tradisjonelt eller ustabilt hokjønn. Dette vert oppgjeve undervegs.

4.1 Dialektbruk og status

Spørsmåla har som mål å gje innsikt i den språklege identiteten, synet på eiga dialekt og tilhøyrslø til språket. Spørsmåla som vart stilte var a) *Brukar du dialekta di i fylgjande situasjonar?* Og b) *Finst det samanhengar der du unngår å bruke dialekta di?* Ei mengd alternativ var oppgjevne som svaralternativ, og eit av dei var *eg snakkar alltid dialekt*. Dette var det alternativet alle svarte, som vist i Tabell 2. Eit anna spørsmål deltakarane fekk, var *Har du opplevd å bli misforstått når du snakkar dialekta di?* Her var svaralternativa *ja* og *nei*. I tredje kolonne i tabell 3 ser me resultata av kor mange det var som svarte «ja» på det spørsmålet.

Tabell 3: *Dialektbruk*

	Snakkar alltid dialekt	Har opplevd å bli misforstått når ein snakkar dialekta
Born	100 % (21/21)	28 % (8/21)
Ungdommar	100 % (20/20)	80 % (16/20)
Vaksne	100 % (20/20)	75 % (15/20)
Totalt	100 % (61/61)	64 % (39/61)

Tala i parentes viser til talet på deltakarar.

Alle deltakarane seier at dei alltid snakkar dialekt. Me ser av tabell 3 at borna i mykje mindre grad enn dei eldre opplever å bli misforstått. Ungdommar og vaksne har i større grad opplevd å bli misforstått (75 og 80 %), men dei svarar likevel at dei alltid snakkar dialekta si. Nokre seier i samtalen med meg under utfyllinga av skjemaet at dei startar kommunikasjonen på talemålet sitt, og så tilpassar dei etter kvart dersom den dei snakkar med, ikkje forstår. Det er altså ingen som seier at dei bevisst snakkar ei anna dialekt enn vossamål.

Eit anna spørsmål til vaksne og ungdommar i spørjeskjemaet var om det å snakka vossamål gjev høg status. Dette var eit spørsmål berre til vaksne og ungdommar, og ved ein feil var det ikkje alle som fekk riktig skjema, og det er difor berre 35 deltakarar som svarar på dette spørsmålet. Svara er attgjevne i Tabell 4, der talet i kolonnane viser til talet på deltakarar.

Tabell 4: *Gjev det høg status å snakka vossamål?*

	Ja	Nei	Veit ikkje
Ungdommar	41 % (7/17)	29 % (5/17)	41 % (7/17)
Vaksne	56 % (10/18)	5 % (1/18)	39 % (7/18)
Totalt	49 % (17/35)	17 % (6/35)	34 % (12/35)

Dette er eit vanskeleg spørsmål å svara på, og dei fleste deltakarane nølte før dei svarte (i og med at dei aller fleste fylte ut skjemaet i samtale med meg, kunne eg gjera slike observasjonar). Status er eit vanskeleg omgrep å definera, og spørsmålet presiserer ikkje om det er snakk om status i heimbygda eller elles i landet. Nokre svarte ved å snakka om status på Voss, og nokre snakka om status i landet generelt. Dei samla tala viser at 49 % (17/35) svarar «ja», 17 % (6/35) svarar nei, og 34 % (12/35) svarar «veit ikkje». Den enkeltkategorien som har fått flest svar, er «ja», men me ser også at samla sett er det mange som er usikre. Mellom dei som svarar «nei» ser me ein stor skilnad mellom dei

vaksne (5 %) og ungdommane (29 %). Eit samtaleutdrag mellom dei tre ungdommane illustrerer problemstillinga.

- 3: Nei, eg ville ikkje seia at det har stor status. Men på Voss har da kanskje da, men eg føler at det blir litt sett ned på elles.
- 2: Ja
- 1: Sikkert. Eg ha'kje hørt noen snakka om vossamålet før egentlig.
- 2: Nei, det e'kje mange som eingong veit kor Voss er.
- 1: Eg har hørt at me snakkar nynorsk.
- 2: Ja, he he
- 3: Nei, trur ikkje det har status.
- 2: At me snakke rart har eg i hvertfall hørt. Frå folk som bur i Osloområdet.
- 3: Her på Voss då?
- 2: Det er vel heilt normalt. Eg trur ikkje det er nokken som tenkjer så mykje øve da.
- (...)
- 2: Det er meir sånn at du blir litt sett ned på viss du snakke oslomål eller bergensk, for då trur folk at du er frå Bergen, Oslo. Det er meir sånn da går på, kor du bur, enn korleis du snakke.
- 3: Ja, det er sant
- (00:00:17–00:1:24)

Ungdommane her snakkar som at språk og stad høyrer saman. Å snakka vossamålet er «normalt», det kan ein tolka som at på Voss er det å snakka vossamål det nøytrale og umarkerte. Samtaleutdraget tyder på at vossamål og Voss heng tett saman for desse tre ungdommane, og at det er staden som er det viktigaste. «Det er meir sånn at du blir litt sett ned på viss du snakke oslomål eller bergensk», seier den eine informanten. Dette underbyggjer det generelle inntrykket mitt av at verken bergensk eller oslomål vert rekna som prestisjespråk på Voss, og det er heller ikkje positivt å koma frå dei stadane. Tvert imot.


På spørsmål om det er skilnad mellom talemålet til eldre og yngre vossingar, svarar totalt 85 % ja, og her er det også skilnader mellom aldersgruppene. Resultata er presenterte i tabell 5.

Tabell 5: Synest du det er forskjell på språket til eldre og yngre vossingar?

Aldersgruppe	Ja	Nei	Veit ikkje
Born	71 % (15/21)	29 % (6/21)	0 % (0/21)
Ungdommar	95 % (19/20)	0 % (0/20)	5 % (1/20)
Vaksne	90 % (18/20)	10 % (2/20)	0 % (0/20)
Totalt	85 % (52/61)	13 % (8/61)	2 % (1/61)

Tabell 5 viser at borna skil seg frå dei to eldre gruppene ved at 29 % svarar at det ikkje er skilnad på språket, medan ingen ungdommar svarar det, og 2 vaksne (10 %).

Deltakarane vart også bedne om å rangera dialekta til høvesvis yngre og eldre vossingar på ein skala frå 1–5, der 1 var stygg og 5 var vakker. Spørsmål og svar er illustrert i Figur 2 og viser at hovudtendensen er at deltakarane synest dialekta si er fin, og at språket til dei eldre er litt vakrare enn til dei yngre.¹⁴



Figur 2: Rangering av talemålet, informantar delt inn etter alder og om dei har tradisjonelt eller ustabil hokjønn

Figur 2 viser svara deltakarane gav på spørsmål om å rangera talemålet til høvesvis yngre vossingar (blå søyler) og eldre vossingar (oransje søyler). Figur 2 viser søyler over svara til dei vaksne samla sett, medan ungdommane er delte inn i to grupper utifrå om dei har tradisjonell bruk av hokjønnsartikkel eller

14. Borna fekk ikkje dette spørsmålet.

ikkje (alle dei vaksne har, som tidlegare nemnd, konsekvent bruk av hokjønns-artikkel). Figur 2 viser at dei vaksne jamt over er litt meir positive til dialekta enn ungdommane, og at både ungdommane og dei vaksne meiner at det er talemålet til dei eldre som er det vakraste. Me ser også at det ikkje er store skilnader mellom gruppene, aller minst hjå dei to ungdomsgruppene, men at dei vaksne meiner at det er større skilnad på kor vakkert språket til dei eldre og dei yngre er.

I spørjeskjemaet var det eit ope spørsmål der deltakarane skulle skildra sitt eige talemål. Ingen nemnde her bruken av hokjønn, men nokre nemnde bøyingsendingane i bunden form eintal av hokjønnsord, t.d. jent-*o* og bygd-*e*, som typiske for vossamål. Heller ikkje der er det nokon som nemner at dei yngre har til dels manglande hokjønn. Dette kan tyde på at tapet av hokjønnsmarkørar er eit nytt fenomen i dialekta, og ikkje har nådd bevisstheita til deltakarane i denne studien enno.

4.2 Tilhøyrse til staden Voss

For å undersøkje kor sterk relasjon deltakarane har til bygda Voss, vart dei spurde om dei a) ville bli buande på Voss, b) ville flytta som vaksen og c) om dei ville flytta så fort som råd. Tabell 6 viser svara deltakarane gav på spørsmål om dei vil bli buande eller flytta frå Voss.

Tabell 6: Ynskje om å bli buande eller flytta


	Eg vil bu her resten av livet	Eg vil flytta når eg blir vaksen	Eg vil flytta så fort som mogleg	Veit ikkje
Born	33 % (7/21)	33 % (7/21)	0 % (0/21)	33 % (7/21)
Ungdommar	40 % (8/20)	45 % (9/20)	10 % (2/20)	5 % (1/20)
Vaksne	95 % (19/20)	0 % (0/20)	5 % (1*/20)	0 % (0/20)
Totalt	56 % (34/61)	26 % (16/61)	5 % (3/61)	13 % (8/61)

* «Eg kjem til å flytta, men har ikkje hastverk.» (CS_7).

Me ser av tabell 6 at hovudvekta av deltakarane vil bli buande på Voss resten av livet. Me ser også at 33 % av borna svarar «veit ikkje». Det er ikkje overraskande at born peikar seg ut som den aldersgruppa som er mest usikre på kor dei vil bu. Når det gjeld svaret «eg vil flytta når eg blir vaksen», er det mange som poengterer at dei vil flytta for å studera, og så flytta tilbake til Voss seinare. Den vaksne deltakaren som svarar at hen skal flytta, poengterer at det ikkje treng å skje «så fort som mogleg», men det var det alternativet som passa best, hen er jo alt vaksen. Dette viser også ei svakheit ved spørjeskjemaet i og med

at det manglar eit alternativ for dei som vil flytta, men ikkje så fort som mogleg, og det manglar eit tydeleg svaralternativ for dei som vil flytta vekk for å studera, men så tilbake. Det er berre to ungdommar som svarar at dei vil flytta så fort som mogleg. Dei samla svara tyder på at dei alle fleste har eit positivt syn på plassen dei bur på. Kva dette har å seia for bruken av den språklege praksisen deira, vert diskutert i del 5. Dersom reduksjon av hokjønn heng saman med manglande tilknytning til staden, vil me truleg sjå det i ei oversikt over svara fordelte etter om språkbrukaren har eit tradisjonelt eller ustabilt hokjønns-system.

I oversynet i Figur 3 betyr «tradisjonelt hokjønn» at språkbrukaren har 95–100 % bruk av den tradisjonelle hokjønnsartikkelen føre hokjønnsord, og «ustabilt» betyr at språkbrukaren delvis nyttar hankjønnsartikkel føre tradisjonelle hokjønnsord (mellom 6 og 94 % prosent bruk av hankjønnsartikkelen). Figur 3 viser svara frå både ungdommar og born, delt inn i to grupper etter bruken deira av hokjønnsartikkel (såkalla tradisjonelt og ustabilt hokjønn). Dei vaksne deltakarane er ikkje med i Figur 3 fordi dei alle har tradisjonelt hokjønn, og alle bortsett frå ein deltakar har bestemt seg for å bli buande på Voss. Det er born og unge som er dei mest interessante å undersøkje her. Me kan jo rekna med at dei vaksne sjølve har valt å bu på Voss.



Figur 3: Tilhøyrslse til staden, fordelt på born og ungdommar med høvesvis tradisjonelt eller ustabilt hokjønn

Figur 3 viser den prosentvise fordelinga av svar fordelt på dei to deltakar-gruppene med og utan tradisjonell bruk av hokjønnsartikkelen, altså born og ungdommar. Dei to aldersgruppene er slått saman her. Merk at i gruppa med tradisjonelt hokjønn er det 12 informantar, og i gruppa «ustabilt» hokjønn er

det 32 informantar. Dette betyr at ein deltakar utgjer 8,33 % i gruppa av deltakarar med «tradisjonelt hokjønn» og 3,13 % i gruppa av deltakarar med «ustabilt hokjønn». Det er altså to personar som vil flytta så fort som mogleg, ein i kvar av dei to kategoriane. Figur 3 viser prosentvis at born og unge med eit tradisjonelt system er meir positive til å bu på Voss resten av livet enn det born og unge med eit ustabilt hokjønn er, men når ein ser på talet på informantar er det høvesvis 7 personar med tradisjonelt hokjønn som vil bu på Voss resten av livet, og 11 personar frå gruppa «ustabilt» hokjønn. Ein skal altså ikkje leggja så stor vekt på dei ulike prosenttala, men tendensen viser at deltakarane med tradisjonelt hokjønn også er dei som har prosentvis sterkast tilhøyrslle til staden Voss utifrå spørsmåla om å bu på Voss.

Også ungdommane i gruppesamtalen diskuterer tilhøyrslle til staden. Ein av påstandane dei diskuterte, var «Voss er verdas beste plass å bu». Det svarte dei positivt på, som utdraget frå samtalen deira illustrerer.

1: «Voss er verdas beste plass å bu»

1: Ja

2: Ja, eg synest det er ein god plass å bu. Me bur i verdens beste land.

1: Sant! Eg koser meg her.

2: Eg syns det er sånn perfekt stad også, for du kjenner ikkje alle, men du kjenner dei fleste.

3: Ja, det er veldig passelig. Det skjer akkurat nok til at det ikkje blir for kjedelig på ein måte.

1: For min del er det kanskje meir nostalgi.

2: At du har vokse opp her?

1: Føler meg ikkje heilt so heima andre plassar, liksom.

3: Nei

2: Nei

(00:01:41–00:02:10).

Utdraget tyder på at desse tre ungdommane er godt nøgde med å bu på Voss. Dei argumenterer med at storleiken er passe, både når det gjeld kor mange ein kjenner og aktivitetstilbodet. Deltakar 1 nemner at det handlar om nostalgi, altså ei kjensle. Det å kjenna seg heime der du har vokse opp, viser at vedkommande også er i tråd med Eckert sine utsegner om at det er viktig å vera «locally oriented» og ikkje berre «locally located» (Eckert, 2003, s. 392). At nettopp ein ungdom legg vekt på det nostalgiske, meiner eg viser at vedkommande har ei sterk tilhøyrslle til staden.

Eit anna spørsmål som viser at ein er både orientert mot staden og at identiteten heng saman med dialekta, er spørsmålet om ein alltid snakkar dialekta, eller om ein t.d. unngår å bruka dialekt i visse situasjonar. 100 % av deltakarane svarar at dei alltid snakkar dialekta si (jamfør Tabell 3). Hovudtendensen i svara tyder på at tilhøyrsla til staden Voss er stor for deltakarane i studien.

4.3 Skriftspråk

Ein viktig faktor i undersøkinga av genus i norsk er om skriftspråket påverkar genusbortfall, og også talemålet generelt. Eit spørsmål som kan opplysa om denne samanhengen, er om språkbrukarane vel konservative eller radikale former på hovudmålet eller sidemålet. Hypotesen er at dersom ein vel konservative former i det nynorske skriftspråket, så vil ein også velja eit tradisjonelt talemål som inkluderer tre genus. I og med at deltakarane vert spurde om kva form dei ville ha valt, så kan resultata kanskje seia oss noko om dei medvitne haldningane til skriftspråket.

4.3.1 Sjølvrapportert bruk av skriftformer

I spørjeskjemaet fekk ungdommar og vaksne deltakarar sjå både ein nynorsktekst og ein bokmålstekst med alternative former for nokre av orda, t.d. *bestemoren/bestemora* i bokmålsteksten og *me/vi* i nynorskteksten (sjå Tabell 2 for ei oversikt over formene), og deltakarane skulle velja kva former dei ville ha skrive sjølve. Dei fekk opplyst at alle formene var godkjente former i skriftspråket. Alle deltakarane i denne studien har nynorsk som hovudmål og bokmål som sidemål. Tabell 7 viser ei oversikt over kva for former deltakarane rapporterte som føretrekte i høvesvis nynorsk og bokmål, delt inn etter den relative prosenten rapportert bruk av høvesvis konservative og radikale former. Den relative frekvensen er fyrst rekna ut på individnivå, deretter samla for gruppa.

	Nynorsk		Bokmål	
	Konservative former i %	Radikale former i %	Konservative former i %	Radikale former i %
Born	38 %	62 %	Ikkje spurt	
Ungdommar	46 %	54 %	51 %	49 %
Vaksne	65 %	35 %	94 %	6 %

Tabell 7: Rapportert bruk av skriftlege former i nynorsk og bokmål på gruppenivå


Tabell 7 demonstrerer at jo yngre ein er, jo meir radikale former vel ein. Dei vaksne vel meir konservative former enn born og ungdommar, både i bokmål og nynorsk.

Under utfyllinga av dei føretrekte nynorske formene i spørjeskjemaet var det fleire av dei vaksne som kommenterte at dei valde form etter språkbruks-situasjonen, og at det er dei konservative formene som har status i meir offisielle samanhengar i bygda. Tre vaksne deltakarar sa t.d. at dersom dei skulle skriva i lokalavisa, så ville dei valt meir konservative former enn viss dei skulle skriva ein e-post til vener. Ei anna av dei vaksne sa også at ho skriv t.d. *diverre* i ein e-post på arbeid (i kommunen), men elles vel *dessverre*.


Eit sentralt spørsmål er om born og unge med det eg har kalla ustabil hokjønn (altså dei som vekslar mellom hankjønns- og hokjønnsartikkel føre tradisjonelle hokjønnsord), vel andre former enn informantar med tradisjonell bruk av hokjønn. I den fylgjande presentasjonen av resultat utelet eg dataa frå dei vaksne deltakarane i og med at dei alle har tradisjonell bruk av hokjønn, og eg er her mest interessert i å sjå på korrelasjonane til dei to gruppene der informantane har både stabilt og ustabil hokjønn. I og med at det er store individuelle skilnader på kor mykje bruk det er av hankjønns- og hokjønnsformer føre hokjønnsord, har eg her samanlikna prosentvis bruk av hokjønnsartikkelen *ai* (resultata frå produksjonseksperimentet) samanlikna med prosentvis rapportert bruk av høvesvis konservative og radikale former i nynorsk og bokmål ved å rekna ut Pearsons korrelasjon. For borna er korrelasjonen mellom hokjønnsartikkel og konservativ nynorsk -0,066, og for ungdommar 0,23. Det er altså liten korrelasjon mellom konservativ nynorsk og tradisjonell bruk av hokjønnsartikkel. Resultata frå samanlikninga er demonstrerte i Figur 4.

Datapunkta baserer seg på individa sin relative frekvens av konservative former (slik at ein språkbrukar med 30 % bruk av konservative former har 70 % bruk av radikale former osb., og her er det berre frekvensen av konservative former som er illustrert.) Kvart punkt viser ein informant sitt par av verdier. Figuren viser at det ikkje er noko tydeleg mønster mellom val av nynorske former og bruken av tradisjonelt hokjønn.

Ungdommane vart også bedne om å seia kva for former dei ville ha valt dersom dei skulle skriva bokmål. Her er korrelasjonen mellom hokjønnsartikkel og konservativ bokmål 0,19 (og -0,19 for hokjønnsartikkel og radikale bokmålsformer). Figur 5 viser at det heller ikkje er nokon klar samheng mellom bruken av hokjønnsartikkel og bruken av høvesvis konservative eller radikale former i bokmål.



Figur 4: Prosentvis bruk av hokjønnsartikkel samanlikna med sjølvrapportert bruk av konservative former i nynorsk, born og ungdommar



Figur 5: Prosentvis bruk av hokjønnsartikkel samanlikna med sjølvrapport bruk av konservative former i bokmål, ungdommar

X-aksen i figur 5 viser den prosentvise bruken av sjølvrapporterte konservative former i bokmål, medan y-aksen viser prosentvis bruk av hokjønnsartikkel frå produksjonseksperimentet.

Oppsummert viser resultata frå undersøkinga om sjølvrapporterte skriftspråkspreferansar at den viktigaste faktoren for val av konservative versus

radikale former er alder. Yngre deltakarar vel meir radikale former enn eldre deltakarar, og det ser ikkje ut til at verken radikale eller konservative skriftspråkspreferansar fell saman med bruken av hokjønn. Resultata vert diskutert i 5.3.

4.3.2 Input frå lesing

I spørjeskjemaet var deltakarane spurde om lesevanar. Dersom input frå skriftspråket spelar ei rolle, vil ein kanskje sjå dette i kva dei les. Svara deltakarane gav på om dei les både bokmål og nynorsk jamleg, er presenterte i Tabell 8.

Tabell 8: Les du både bokmål og nynorsk jamleg?

	Ja	Nei, berre nynorsk	Nei, berre bokmål	Les lite
Born	85 % (17/20)	15 % (3/20)	0 % (0/20)	0 % (0/20)
Ungdommar	90 % (18/20)	0 % (0/20)	0 % (0/20)	10 % (2/20)
Vaksne	100 % (20/20)	0 % (0/20)	0 % (0/20)	0 % (0/20)
Totalt	92 % (55/60)	5 % (3/60)	0 % (0/60)	3,33 % (2/60)

Tabellen viser ikkje overraskande at dei aller fleste opplever at dei er eksponerte for både bokmål og nynorsk jamleg. Tre born fortel at dei berre les nynorsk. Men det som er klart, er at dei alle opplever å bli eksponert for nynorsk jamleg, og det skil desse deltakarane frå mange andre i Noreg, der eksponeringa for nynorsk jamt over er låg.

5 Diskusjon

Kan me sjå korrelasjonar mellom tap av hokjønnsformer og sjølvrapportert bruk av konservative og radikale former i bokmål og nynorsk?

5.1 Dialektbruk og status

I del 4 såg me at alle deltakarane i studien svarar at dei alltid snakkar vossamål. Svara frå spørjeundersøkinga og samtalanе tyder på at det å snakka dialekt er det som er vanleg og normalt, eller umarkert, hjå desse språkbrukarane. I dette datasettet svarar om lag halvparten av deltakarane at på Voss er det dialektbruk, og gjerne bruk av eldre ord og former, som gjev status. 49 % av dei som svarte på spørsmålet om det gjev høg status å snakka vossamål, svarte «ja», 17 % svarte «nei» og 34 % svarte «veit ikkje». Det er altså ein stor del som ikkje veit, og ein skal vera litt forsiktig med å konkludera med at dei fleste opplever at det gjev status, sjølv om det er mange fleire som svarar ja enn det er som

svarar nei. Samanlikna med erfaringa deltakarane har med å bli misforstått (75 % av ungdommane har opplevd dette, og 80 % av dei vaksne), så er det likevel slik at dei fyrst og fremst snakkar dialekt. Søfteland og Stjernholm sin artikkel om talemålet i Østfold viser at studentar og informantar skil mellom talespråket dei brukar heime og ute. «Der flatbygdene nord for Oslo har sin Prøysen, er det vanskeligere å finne østfoldinger som bruker det lokale talemålet utafor den lokale konteksten, og særlig ikke i sammenhenger som anses som mer offisielle eller høykulturelle» (Stjernholm & Søfteland, 2019, s. 102). Ingen av deltakarane i studien min nemner bruk av eit anna talemål i offisielle eller høgkulturelle samanhengar når dei eventuelt utdjupar svaret (men nokre fortel at dei brukar meir arkaisk skriftspråk i visse situasjonar, meir om dette i 5.3). Dataa tyder på at autentisitet og tilhøyrsløse er viktig for desse deltakarane. Grunnen som dei fleste deltakarane frå Voss gjev når dei eventuelt endrar litt på talemålet sitt, er at den dei kommuniserer med, ikkje forstår, ofte fordi hen «ikkje er så god i norsk». Nokre få seier at dei endrar litt «når folk frå Oslo ikkje forstår». På oppfølgingsspørsmål om kva dei konkret gjer når dei endrar språket sitt, seier språkbrukarane at dei slår om til litt «bokmål» viss dei opplever at den andre ikkje forstår, og at det handlar om å bruka andre ord. Ingen nemner at dei nyttar hankjønnsformer der det tradisjonelt var hokjønnsformer.

Nokre deltakarar gjev i samtale uttrykk for at det å halda på dialekta kan vera krevjande, og at det er ei bevisst handling å snakka vossamål. Ein hovudtendens som kom fram, er at deltakarane rangerer dialekta si høgt, og at dialekta til eldre vossingar (over 60 år) er litt finare enn dei yngre si dialekt. (jf. Figur 2). Deltakarar som kommenterer skilnaden mellom yngre og eldre, snakkar om tap av dialekttrekk som noko negativt. Ein ungdom formulerer seg slik: «Dei fleste ungdommar snakkar ikkje «skikkeleg» vossamål, meir bergensk» (BS_8).¹⁵ Eit av borna i undersøkinga seier noko liknande når hen blir spurt om det er skilnader på språket til eldre og yngre vossingar: «Gamle snakkar meir “ordentleg” vossamål» (AS_8). Dette funnet er i tråd med eit vanleg syn hjå «folk flest» at dei autoritative formene er dei tradisjonelle formene i dialekta (Mæhlum & Røneld, 2023, s. 15). Akselberg (2002) undersøker også ungdommar frå Voss sine språkhaldningar. Studiane spør på ulik måte, men konklusjonane er samanliknbare. Både dei som var ungdommar på Voss i 2000, og dei som var det i 2022, er positive til eige talemål. Tendensen med at vossingar rangerer talemålet sitt høgt, er stabilt. Forskingsspørsmål 1 var, *Er tap av ho-*

15. Viser til informantkode: A= born, B= ungdom, C= vaksen, P= frå periferien, S=frå sentrumsområdet, 8 viser til informanten

kjønn drive av eit ynskje om prestisje? Svaret på det spørsmålet må bli «nei» i denne undersøkinga. Det ser ut som at det ikkje er noko ynskje om å snakka eit anna talemål som er motivasjonen for bortfall av hokjønn hjå deltakarane i denne studien.

5.2 Tilhøyrslle til staden Voss

Når det gjeld spørsmåla om tilhøyrslle til staden, er det større samsvar mellom alle aldersgruppene, og dei ser ut til å vera samde i at vossamålet er vakkert, og at staden Voss er ein fin stad å bu på. I og med at spørjeskjemaet hovudsakleg vart fylt ut av meg og deltakaren i ein samtale, fekk eg fleire utfyllande kommentarar frå deltakarane. Det er fleire ungdommar som svarar at dei vil flytta, men legg til at det er fordi dei skal studera, og at dei ser for seg at dei skal flytta tilbake til bygda når dei vert vaksne. I ettertid ser eg at det skulle ha vore eit spørsmål om ein ser for seg å bu på Voss som vaksen for å få meir presise resultat. Men biletet svara gir, er at dei unge er positive til å bu på Voss, og dei med eit tradisjonelt hokjønnssystem er også prosentvis meir positive enn born og unge med eit «ustabilt» hokjønn. Ungdommane ser uansett ut til generelt å vera tilfredse med å bu på Voss, og det meiner også dei tre ungdommane i lydopptaket som eg viser til. Dei trekkjer fram at staden er akkurat passe stor, og eg tenkjer at utsegna med nostalgi er svært interessant. Eckert (2003) peikar på at for å bli oppfatta som autentisk i språksamfunnet, er det ikkje nok å berre koma frå ein stad, men du må også vera orientert mot den staden, altså visa og kjenna tilhøyrslle. Det er ikkje nok å berre bu ein plass for å vera «autentisk» meiner Eckert: «Locally located and oriented, the Authentic Speaker produces linguistic output that emerges naturally in and from that location» (Eckert, 2003, s. 392). Eg forstår Eckert som at det å vera orientert mot staden handlar om å kjenna tilhøyrslle til staden, menneska og kulturen der. Det er ikkje nok å berre koma frå ein stad, men ein må også kjenna tilhøyrslle til staden. Den eine ungdommen si utsegn om at det handlar om nostalgi kan nettopp vera eit uttrykk for å kjenna tilhøyrslle til staden. I opptaket av tre ungdommar som snakkar saman, diskuterer dei også spørsmålet om status (sjå pkt. 4.1). Dei trur ikkje at vossamål har høg status elles i landet, og meiner at det å snakka vossamål, er som den eine ungdommen seier, «normalt» på Voss. Den eine ungdommen svarar på spørsmålet om statusen til det lokale talemålet at «Du blir nok sett ned på om du snakkar oslomål eller bergensk, for då trur folk at du er derifrå». Språket er med andre ord med på å definera kor du kjem frå, og det å snakka vossamål på Voss er både sjølvsagt og forventa, eller «normalt» som deltakaren seier. Sitatet underbyggjer også påstanden om at verken oslomål eller bergensk,

eller det å koma frå Oslo eller Bergen, gjev prestisje hjå desse ungdommane på Voss. Den lokale tilhøyrsla ser med andre ord ut til å vera sterk, og opposisjonen til byspråka ser ut til å vera ein identitetsfaktor hjå desse tre ungdommane.

Denne studien av tilhøyrsla og bruk av talespråk på Voss viser andre resultat enn kva Stjernholm og Søfteland fann i Østfold (Stjernholm & Søfteland, 2019). Tilhøvet mellom Bergen og Voss har fleire historiske fellestrekk med t.d. Oslo og Østfold, men medan talespråket i Østfold viser teikn til nivellering, og studien til Stjernholm og Søfteland viser at informantar brukar dialekta som eit «heimespråk», viser data frå spørjeundersøkinga på Voss at informantane rapporterer at dei har konsekvent bruk av den lokale dialekta og ikkje noko skilnad på språket ein nyttar heime og ute.

Resultata mine tyder på at svaret må bli «nei» med eit lite atterhald på forskingsspørsmål to: *Motverkar eit positivt syn på eiga dialekt og heimstad tap av hokjønn?* Dei aller fleste er positive både til dialekt og heimstad, men me ser altså at dei med eit såkalla tradisjonelt hokjønn er litt meir positive til å bli buande på Voss, enn dei deltakarane med eit hokjønn i endring, så det kan vera at eit positivt syn bremsar endringa, men me kan ikkje seia at ho blokkerer for endring.

5.3 Påverknad frå skriftspråket

Det er ein klar tendens i materialet, og det er at jo yngre alder, desto meir rapportert bruk av radikale former i skrift. Dette gjeld for både nynorsk og bokmål, og den same tendensen finn me uavhengig av bruken deira av hokjønnskongruens. Skilnaden er størst mellom borna og dei vaksne, medan ungdommane er på midten. Ungdommane fordeler seg også ganske jamt mellom radikale og konservative former i både bokmål (51 % konservative og 49 % radikale former) og nynorsk (46 % konservative og 54 % radikale former), medan både born og vaksne har tydelegare felles preferansar på gruppenivå (jf. Tabell 7).

I den vaksne gruppa er det 94 % som rapporterer bruk av konservative former i bokmål. Det var berre ein av dei vaksne som i samtalen sa at hen skreiv bokmål innimellom (og då i jobbsamheng), slik at den sjølvrapporterte bruken viser former dei ville ha brukt då dei skreiv på skulen. Nokre av dei vaksne deltakarane seier i samtale at dei vel konservative bokmålsformer for å skilja dei to skriftspråka frå kvarandre, fordi det lærte dei på skulen. Ein kan også spekulera på om valet av konservative former skuldast enten at dei har ei sterk språkkjensle for stilnivå, eller at dei oppfattar dei konservative variantane som «mest» bokmål.

Tidlegare studiar har vist at elevar med nynorsk som hovudmål har mange normavvik i nynorsk, og desse kan skuldast påverknad frå både talemål og bokmål (sjå t.d. Bjørhusdal & Juul, 2017; Eiksund, 2020). I denne studien frå Voss er det ikkje snakk om formavvik, fordi alle formene dei kunne velja mellom, er godkjente. Tendensen eg har funne i tidlegare forskning når det gjeld bruk av konservative, moderate eller radikale former i nynorsktekstar generelt, er at moderate former dominerer i normgjevande tekstar (sjå Helset, 2018, for ein grundig gjennomgang). Då er det som forventa at dei yngre er meir radikale enn dei eldre. Når det gjeld nynorsk, er det som tidlegare nemnd i 3.2 slik at dei konservative formene språkbrukarane kunne velja, ofte har stort samanfall med dialekta, t.d. pronomenet «me» i staden for «vi», og infinitiv på *-a* heller enn *-e*.

For å undersøkje om valet av skriftspråksformer heng saman med bruken av tradisjonelt hokjønn, må me sjå på resultatata frå ungdommane som er den aldersgruppa som både har tradisjonelt og ustabilt hokjønn, og som har oppgjeve preferansar for former på både nynorsk og bokmål. Resultata frå denne testen av sjølvrapporterte former viser ikkje tendens til korrelasjon mellom tap av hokjønn og radikale eller konservative former.

Nokre av dei vaksne deltakarane fortalde meg at dei byter former etter medium og mottakar, og at dei brukar eldre nynorskformer i meir formell språkbruk som t.d. på arbeid. To personar nemner at når dei skriv kronikkar eller lesarinnlegg i lokalavisa, prøver dei å bruka fleire konservative nynorskformer enn dei brukar elles. Utifrå desse døma kan me anta at desse språkbrukarane ser på konservativ nynorsk som skriftspråkvarianter som dei set høgt, eller opplever at mottakaren set høgt. Oppfatninga av at konservative former er bra i lokalavisa, meiner eg tyder på at det kollektive normidealet truleg er knytt til konservativ nynorsk. I ein meir offisiell språkbrukssituasjon som det å skriva i lokalavisa må reknast som, er det endå viktigare å bruka tradisjonelle former enn i meir uformelle situasjonar som til dømes å skriva e-post til vener (jf. 4.3). Tilhøyrle til staden står truleg i samband med tradisjonell språkbruk for nokre av dei vaksne i studien. Når det gjeld ungdommar, ser det også ut til at eit felles normideal er viktig, men at dei heller enn konservativ nynorsk, vel talemålsnære former. Bryn (2023) gjer ei kvalitativ undersøking av normavvik i tekstar skrivne av fem ungdommar på Voss i ulike skrivesituasjonar. Bryn (2023, s. 81) skriv:

Her finn me talemålsavvik som er nokså like. Gjennom dette får me inntrykk av at det munnlege og meir uformelle talemålet er fokusert. Det at dei unge

skriv likt i denne skrivesituasjonen, kan vidare tyda på eit ynskje om å einast om felles normer innanfor digitale plattformer – ein felles identitet.

Kva som gjev felles identitet er altså ulikt, men det er interessant at det er talemålet som viser felles identitet (og ikkje til dømes bruk av engelsk) hjå ungdommane. Dette er nok eit døme på at språk og identitet må seiast å vera sterkt samanvevd i dette språksamfunnet.

Det er interessant at born og ungdommar viser såpass like tendensar når det gjeld bruken av hokjønnskongruens (jf. resultata frå den eksperimentelle studien, vist til i del 2). Det som skil desse to gruppene, i tillegg til alderen deira, er om dei har hatt sidemål eller ikkje på skulen. Ein freistande konklusjon er at det å ha sidemålsundervisning ikkje er ein viktig faktor når det gjeld påverknad på genusproduksjon og talemål generelt. For dei som har bokmål som sidemål, er det ikkje undervisninga på skulen som er viktig for å bli eksponerte for skriftspråket bokmål. Resultata viser ikkje nokon klar samanheng mellom bruk av konservative eller radikale skriftformer og tap av hokjønn. Dette gjer at ein kan spekulera på om bruken av skriftformer ikkje påverkar talemålet. Datagrunnlaget er for lite til å trekkja bastante konklusjonar, men utifrå desse resultata kan det sjå ut som at rapportert bruk av skriftformer ikkje påverkar bruken av hokjønn i talemålet til desse deltakarane frå Voss.

Skriftspråkspåverknad kan også koma frå lesing. I dette datamaterialet fortel alle at dei les nynorsk, og 58/60 at dei les nynorsk jamleg. Majoriteten av deltakarane i denne studien (55/60) svarer at dei les både bokmål og nynorsk jamleg. 3/60 svarar at dei berre les nynorsk, alle tre er born, og 2/60 (begge ungdommar) svarer at dei les lite. Utifrå resultata i denne studien når det gjeld lesing, ser det ut til at jamleg lesing av nynorsk ikkje blokkerer for tap av hokjønn. Men me skal ha med i bakhovudet at dei fleste i dag uansett les mykje bokmål på ulike plattformer. Dersom bortfall av hokjønn skuldast påverknad frå bokmål, kan me spekulera i om input, altså lesing og lytting, er ein viktig påverknad.

Basert på den rapporterte skriftspråkpreferansen kan me ikkje konkludera med at det er deira eiga skrivning som påverkar. Svaret på forskningsspørsmålet *Kan me sjå korrelasjonar mellom tap av hokjønnsformer og sjølvrapportert bruk av konservative og radikale former i bokmål og nynorsk?* må også bli «nei» for denne studien. Ein kan stilla spørsmål ved om denne testen er den beste måten å svara på spørsmålet om påverknad på. Testen baserer seg på eit utval av ord og former, og gjev slik sett ikkje eit fullverdig bilete av preferansane. Som eg skreiv i 3.2, er det også slik at nokre av formene som vert

rekna som konservative nynorskformer generelt, som t.d. a-infinitiv, er talemålsnære former hjå språkbrukarar på Voss. I tillegg veit me ikkje sikkert kva former desse deltakarane ville ha skrive i faktisk produksjon. Tendensen til at eldre språkbrukarar rapporterer å bruka eldre former enn dei yngre gjer, er ikkje overraskande. Dersom skriftspråket påverkar talespråket, så er det kanskje fyrst og fremst gjennom input, altså lesing, men også i faktisk skriftproduksjon. I framtidige studiar hadde det vore interessant å også studera genusbruken i skriftspråket til born og unge på Voss.

6 Konklusjon

I denne artikkelen har eg vist at deltakarane i studien min av identitet og tilhøyrsløse er positive til både bygda Voss og talemålet sitt. Vossamålet har høg status hjå deltakarane i alle aldersgruppene, og både hjå deltakarar med tradisjonelt og ustabil hokjønnsform. Talmaterialet er lite, men tendensen er at språk og språkendring heng saman med opplevd autentisitet og tilhøyrsløse til staden. Jo meir positiv til staden og dialekta, jo meir tradisjonelt snakkar du, inkludert bruk av hokjønnsform. Det ser ut som at opplevd autentisitet og tilhøyrsløse til staden verkar konserverande på språkbruken generelt. Dei vaksne, som i denne studien har heilt klart mest bruk av tradisjonelle former, er også mest positive til dialekta. Trass i det positive synet på vossamål og staden Voss, ser me altså bortfall av hokjønnsformer hjå born og unge på Voss, akkurat som i andre delar av landet. Alder ser ut til å vera ein viktigare faktor enn lokal tilhøyrsløse. Artikkelen tek utgangspunkt i medvitne haldningar og sjølvrapportert bruk. Tendensen samla sett er at bortfall av hokjønnsformer ikkje ser ut til å vera motivert av tap av lokal tilhøyrsløse og medvite ynskje om å endra språket.

Bibliografi

- Akselberg, G. (1995). *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, G. (2002). Evaluering av eigen dialekt og aktuelle sosialiseringssfaktorar. *Målbryting, språkleg identitet og haldning*, 6, s. 93–120.
- Akselberg, G. (2003). Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskiftet - ei gransking av språkbruk hjå ungdomar på Voss 2001–2002 sett i eit talespråkleg regionaliseringsperspektiv. I G. Akselberg, A. Bødal, & H. Sandøy, *Nordisk dialektologi* (s. 197–226). Novus forlag.

- Bjørhusdal, E., & Juul, G. K. (2017). Bokmålsavvik frå nynorsknorma i sjetteklassetekstar. *Maal og Minne*, 109(1), s. 93–121.
- Bryn, Sigrid (2023). Normeringsavvik i ulike skrivesituasjonar: Ei gransking av normeringsavvik hjå eit utval ungdomar i eit fokusert språksamfunn. Masteroppgåve ved Høgskulen på Vestlandet. URL: <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/handle/11250/3100556>
- Busterud, G., Lohndal, T., Rodina, Y., & Westergaard, M. (2019). The loss of feminine gender in Norwegian: A dialect comparison. *Journal of Comparative Germanic Linguistics*, s. 141–167.
- Busterud, G., Lohndal, T., Rodina, Y., & Westergaard, M. (2020). Hvor mange genus er det i Trondheims-dialekten? *Maal og Minne*, 112(2), s. 1–36.
- Busterud, G., Lohndal, T., Opsahl, T., Rodina, Y., & Westergaard, M. (2025). Language change and the loss of feminine gender: Grammatical gender and declension class in the Oslo dialect. *Nordic Journal of Linguistics*, s. 1–26. <https://doi.org/10.1017/S0332586525000071>
- Corbett, G. G. (1991). *Gender*. Cambridge University Press.
- Cornips, L., & de Rooij, V. (2018). *The Sociolinguistics of Place and Belonging, perspectives from the margins*. John Benjamins Publishing Company.
- Eckert, P. (2003). Sociolinguistic and authenticity: Elephants in the room. *Journal of Sociolinguistics* 7, s. 392–397. <https://doi.org/10.1111/1467-9481.00231>
- Eckert, P. (2018). *Meaning and Linguistic Variation*. Cambridge University Press.
- Eiksund, H. (2020). Å kunne skilje nynorsk frå bokmål og dialekt. *Maal og Minne*, 112(1), s. 27–64.
- Fildepot for LIA. (u.d.). Henta frå Fildepot for LIA: <https://lia.tekstlab.sigma2.no/>
- Haug, K. (2025). Genus og bøyning i vossamålet. *Maal og Minne*, 117(1), s. 1–32.
- Heggstad, L. (1932). *Vossemålet*. Molde prenteverk.
- Helset, S. J. (2016). Tilhøvet mellom konservative, moderate og radikale former i nynorsk – ein studie av nynorskskrivaren sine språklege intuisjonar og val. *Maal og Minne*, 108(1), s. 141–172
- Hernes, R. (2006). *Talemål i endring? Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Henta frå <https://bora.uib.no/bora-xmlui/bitstream/handle/1956/1927/Main%20Thesis.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

- Hockett, C. F. (1958). *A course in modern linguistics*. The Macmillan company.
- Hårstad, S. (2021). Digital skriving under den sosiolingvistiske lupen: Har det skjedd en språklig revolusjon? I L. Jølle, A. Larsen, H. Otnes, & L. Aa, *Morsmålsfaget som fag og forskningsfelt i Norden*, s. 21–45. Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215050997-2021-03>
- Hårstad, S., & Mæhlum, B. (2018). Nasjonale og regionale identiteter. I T. B. (red.), *Norsk språkhistorie 3, Ideologi* (s. 245–326). Novus forlag.
- Labov, W. (1972). *Sociolinguistic patterns*. University of Pennsylvania Press.
- Lundquist, B., & Vangsnes, Ø. (2018). Language separation in bidialectal speakers: Evidence from eye tracking. *Frontiers in Psychology*. Henta frå <https://www.frontiersin.org/articles/10.3389/fpsyg.2018.01394>
- Lundquist, B., Klassen, R., & Westergaard, M. (2022). Dynamikken i en språkendringsprosess: Bortfall av hunkjønnsformer i norsk. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, Årgang 40, 2022, s. 27–56.
- Lødrup, H. (2011). Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? *Maal og Minne*, 103(2), s. 120–136.
- Milroy, J., & Milroy, L. (1985). Linguistic change, social network and speaker innovation. *Journal of Linguistics* 21, s. 339–384.
- Monka, M. (2019). kap. 3, Southern Jutland Language Ideology as a Means to Slow down Standardization. I M. Maegaard, M. Monka, K. K. Mortensen, & A. C. Stæhr, *Standardization as Sociolinguistic Change: A transversal Study of Three Traditional Dialect Areas* (s. 47–78). Routledge.
- Mæhlum, B. (2020). *Konfrontasjoner: Når språk møtes*. Novus forlag.
- Mæhlum, B., & Røyneland, U. (2023). *Det norske dialektlandskapet Innføring i studiet av dialekter* (2. utgave). CappelenDamm.
- Røsstad, R. (2008). *Den språklege røynda: ein studie i folkelingvistikk og dialektendring frå austre Vest-Agder*. Novus forlag.
- Røyneland, U. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Unipub.
- Sandøy, H. (2013). Driving forces in language change – in the Norwegian perspective. I T. Kristiansen, & S. Grondelaers, *Language (De)standardisation in Late Modern Europe: Experimental Studies* (s. 125–151). Novus forlag.
- Skjekkeland, M. (2009). *Språk og samfunn i endring: ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Novus forlag.
- Solbakken, H., Eik, R., van Baal, Y., & Lohndal, T. (2024). The decline of feminine possessives in Norwegian: An empirical and theoretical invest-

- igation of gender and declension class. *Glossa: a journal of general linguistics* 9(1). <https://doi.org/10.16995/glossa.15391>
- Solheim, R. (2006). *Språket i smeltegryta. Sosiolingvistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger*. Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Det historisk-filosofiske fakultetet. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap.
- Sollid, H. (2008). Autentisitet på nordnorsk. *Målbryting* 9, s. 69–91. <https://doi.org/10.7557/17.4798>
- Stjernholm, K. (2014). *Urbane offentlige landskap i bygd og by. Lingvistiske landskap i Oslo og på Voss*. Språkrådet. Henta frå https://sprakradet.no/wp-content/uploads/rapport-stjernholm-lingvistiske-landskap_2014.pdf
- Stjernholm, K., & Søfteland, Å. (2019). Talemål i Sør-Østfold: Ideologi, struktur og praksis. *Målbryting* 10, s. 101–131. <https://doi.org/10.7557/17.4947>
- Sundgren, E. (2007). *Sociolingvistik*. Liber.
- Trudgill, P. (1983). *On dialect: social and geographical perspectives*. Basil Blackwell.
- Trudgill, P. (2000). *Sociolinguistics: An Introduction to Language and Society*. Penguin.
- van Baal, Y., Eik, R., Solbakken, H., & Lohndal, T. (2024). The decline of feminine gender: A cross-dialectal study of seven Norwegian dialects. *Journal of Comparative Germanic Linguistics*, 27(9). <https://doi.org/10.1007/s10828-024-09155-9>
- Vidsteen, C. (1884). *Oplysninger om Vossemaalet*. Griegs bogtrykkeri.
- Villanger, S. (2010). “Da hadde vært litt kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år”. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen. Henta frå <https://folk.uib.no/hnohs/DEP/Silje%20Villanger.pdf>
- Weinreich, U., Labov, W., & Herzog, M. (1968). Empirical Foundations for a Theory of Language Change. I L. W. Y., *Directions for historical Linguistics a symposium* (s. 98–195). University of Texas Press.
- Westergaard, M., & Rodina, Y. (2016). Hvor mange genus er det i Tromsø-dialekten? *Maal og Minne*, 108(2), s. 159–189.

Summary

This article explores the decline of the feminine gender in the Voss dialect, investigating whether social factors such as belonging and identity influence this

linguistic shift. An experiment from 2022 revealed a reduction in the use of feminine gender among children and adolescents, while adults used the traditional three-gender system. The linguistic findings are compared with results from a questionnaire on language use and identity, as well as excerpts from a semi-structured conversation among three adolescents from the same experimental study. The study focuses on participants' explicit and conscious attitudes toward language and identity. Despite the positive attitudes of younger participants towards their dialect and community, the use of feminine gender forms has declined. Prestige does not appear to be a significant factor driving this change. The decline is likely part of a national trend affecting various Norwegian dialects.

Keywords: Grammatical gender, Norwegian dialects, language change, attitude and belonging, Voss

Kristin Nordbø Haug
Stipendiat
Institutt for lingvistiske og nordiske studier
Universitetet i Oslo